

ING. TAULE AS
RADØYVEGEN 1400
5936 MANGER

Dato	19.08.2022
Vår referanse	2022/70946-3
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Ørjan Dybvik
E-post	Orjan.Dybvik@vlfk.no
Telefon	95286235

Att.Karl Atle Taule

Løyve om endra bruk av avkøyrslø - fv. 525 - gnr. 449 bnr. 32 - Alver kommune

Vi viser til søknad av 22.07.2022.

Saka gjeld

Da er søkt om endra bruk av avkøyrslø i samband med bruksendring frå næring/handel til bustad.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§ 43](#) gir vi løyve til endra bruk av avkøyrslø frå fylkesveg 525 Radøyvegen til eigedom gnr. 449 bnr. 32 i Alver kommune.

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkøyrsløer fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964 og forskrift om retningslinjer for behandling av avkøyrsløssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.*

Vilkår for løyvet

1. Avkøyrslø skal vera plassert i samsvar med situasjonsplan, datert 22.07.2022.
2. Løyvet gjeld avkøyrslø til og frå ein buening på bustad gnr. 449 bnr. 32
3. Det må vere opparbeidd snuplass på eigen grunn, slik at det ikkje blir nødvendig å snu på offentleg veg.
4. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrslø, frisisiktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.

Eigaren eller brukaren av avkøyrslø har sjølv ansvaret for at *Krav til utforming av avkøyrslø* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til frisisikt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Vestland fylkeskommune trekkje tilbake løyvet

Bakgrunnen for vedtaket

Vestland fylkeskommune skal i si vurdering leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på veggen det er søkt om avkøyrslø frå.

Fv525 ved Radøyvegen 1550 har ein årsgongtrafikk på 1700 og fartsgrensa er 50 km/t. Veggen er

ifølge rammeplanen(2021-24) til Vestland fylkeskommune satt til haldningsklasse (3) «mindre streng». Dette betyr at vi normalt gir løyve til utvida/endra bruk av bustadavkøyrslar til bustadføremål dersom dei tekniske krava vert tilfredsstillt.

Vi vurderer at avkøyrsla i hovudsak er i tråd med dei tekniske krava. Svingradius i retning sør-aust er 3,3m, medan kravet i N100 er 4 meter. I denne saka legg vi likevel vekt på at avkøyrsla er oversiktleg og overheld krav til siktsoner i begge retningar. Etter ei samla vurdering av tilhøva på staden gjev vi løyve til endra bruk av avkøyrsla frå næring/handel til bustad for eigedom gnr. 449 bnr. 32.

Rettt til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør
INV - Forvaltning Bergensområdet

Ørjan Dybvik
rådgjevar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift